



Kyrkjeblad

for Vestre Slidre



HAN ER OPPSTADEN, DYRE ORD!

*For all vår synd er soning gjort, no er Guds himmel open!
Min Jesus sigrå då han braut dei pilar døden mot meg skaut,
og knuste mørkheims våpen!
Å røyst, mi trøyst!
Sjå, med siger fram han stiger.
Bøtt er skaden.
Han var død, men er oppstaden!*



Påskenenatta si glede

«Gjennom krossen kom gleda i heile verda,» skriv den ortodokse teologen Aleksander Schmemmann. Han hadde ikkje for tanke noko kva for helst glede, men den glede som finst hjå Gud og som no gjev von til heile verda. Gleda vart gjeve til kyrkja for verda si skuld, skriv han, for at kyrkja skulle bæra bod om den og forme om verda gjennom den.

Gleda som har si rot i vona om at Gud i Kristus har forsona heile verda med seg sjølv, er det som gjev kyrkja si kraft. Då det tok til å lysna fyrste dagen i veka og Maria Magdalena og den andre Maria kom for å sjå til grava og ein Herrens engel steig ned frå himmelen og tala til dei og sa: «*Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her, han er stått opp, som han sa,*» då vakna vona, trua og glede i dei, – ei glede som seinare skulle kome til å omskape heile verda. Og då den oppstadne seinare på kvelden, same dag, viste seg for læresveinane og anda på dei med orda: «*Ta imot Den heilage ande!*» vart også den evige gleda fødd i dei.

Påska er kyrkja si største glede og fest. Påskenenatta si gudsteneste blir innleia med hyllingsropet «*Christos Anesti*» – *Kristus er oppstanden*. Dette er også byrjinga på heile påskefeiringa i kyrkja vår. Kva for ei natt er dette, som den heilage Gregor av Nyssa kalla for «ljøsare enn dagen» og som dei ortodokse kallar for «den strålende natta»? Teologar har prøvd å setja ord på dette i mange hundreår. Men kanskje er det gleda som skildrar natta aller best. «*Døden er slukt og sigeren vunnen. Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din*

siger... Men Gud vere akk som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus.» For dei fyrste kristne var trua på Jesu siger over døden, kjelda til all takksemnd og glede hjå dei.

I denne natt (påskenenatta) så kjem vi saman, rike og fattige, gamle som unge for å vise vår takksemnd og for å feire akkurat dette minne, at Jesus ikkje berre døde for verda si skuld, men at han dessutan stod opp for vår skuld. Ekkoet frå påskenenatta er krystallklar: Vi er gått frå død til liv, frå jord til himmel, frå mørker til ljøs. Kristus har ført oss fram. Alt vert fylt av ljøs, alt i himmelen, på jorda og under jorda. I denne natt feirar vi døden sin død, dødsriket sin undergang, byrjinga til eit nytt og evig liv. Dette er den heilage natta kor alt vert snudd på hovudet og menneske blir delaktig i ei von bortanfor tida.

Ingen institusjonar i heile verda har eit slikt gledesbodskap som det kyrkja er berar av. Med påskenenatt så opnast døra til himmelen. Alle blir ynskt velkomne. Og dei som grip tak i bodskapen og trur på evangeliet, dei vil også eige den glede som gir livet ei djupare meining og ikkje minst ei von for framtida og all æve.

Dersom du lurar på om du skal på gudsteneste i Slidredomen i påskehøgtida, så vil eg anbefale deg å koma på gudstenesta vi feirar påskenenatt kl. 23.00. Dette blir ei heilt spesiell oppleving og noko minneverdig for alle som tek del i den.

Sokneprest Ola Døhl

PÅSKETIDA

Kyrkjemøtet i Nikea i 325 e.Kr. bestemte at 1. påskedag skulle vera fyrste sundag etter fyrste fullmåne etter vårjamdøgn (21. mars). Datoen for 1. påskedag varierer innafor perioden 22. mars (1818 og 2285) til 25. april (1943 og 2038). Denne måten å berekne tida for påske på, kallast påskeformelen. 1. påskedag fell i år på 5. april, 27. mars i 2016 og i 2017 på 16. april.

Påsketida varar fram til pinse som i år er 24. mai.

Evangeliet for 1. påskedag står skrive i evangeliet etter Matteus 28, 1-10

Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.' – No har eg sagt det til dykk.»

Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»



Han er oppstanden. Halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.

Omkved:

Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn,
han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!

Tre dager dødens fange han var
før han stod opp og seiren var klar.
Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.

Omkved

Engelen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker, er ikke her.
Se, der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp - som selv han har sagt.

Omkved

Gå og fortell at tom er hans grav.
Livet han vant, da livet han gav,
gav det for oss og kjøpte oss fri.
Frelse og fred han alle vil gi.

Omkved



Påskehilsen

Ja, jeg tror på korsets gåte

Ja, jeg tror på korsets gåte, sies det i en salme den danske salmedikteren Grundtvig skrev, fritt etter Arnulf fra Louvain fra før 1250.

Korset er Jesu Kristi merke, tegnet på kjærligheten som er sterkere enn døden. Kirkens tro er at Jesu død var i dypere berøring med alle menneskers død, fordi han var Guds sønn.

I området for det gamle handelsstedet på Mjøsstranda er det funnet et gammelt kors, kalt Hamarkorset. Det er en av de eldste gjenstandene som forteller om at kristendommen kom til vår del av verden. Lignende kors er funnet i Sverige, Baltikum og østover i Europa. Det ser ut til å være et kvinnekors. Noen brakte det hit. Noen som hadde erfart korsets gåte.

Ja, jeg tror på korsets gåte

Korset som symbol tar opp i seg både Jesu liv, og kristendommens dypeste mysterium. Det er gjennom korset Gud viser sitt ansikt i verden. I korset som symbol samles all verdens krenkelse, ondskap og død. Samtidig er korset tegnet for den oppståtte Kristus, kjærligheten sterkere enn døden.



Ja, jeg tror på korsets gåte

Jesus gikk inn i all verdens lidelse og enkeltmenneskets smerte. Jesus så menneskene. Han forsto hva de lengtet etter. Både de rikes og de fattiges lengsel kunne han møte. Menneskene ble sett og ble invitert til gudstro og et annerledes liv. Jesus stilte seg på det lille menneskets side i kampen mot ondskap, lidelse og død og utfordrer oss til det samme.

Den stille uke og påska er tett på både liv og død, tett på sorg og glede, tett på alt det som hører med i et menneskeliv. Apostelen Paulus samler «korsets gåte» – med alt som er i dybden, høyden og bredden – på denne måten:

For jeg er viss på at verken død eller liv, verken engler eller krefter, verken det som nå er eller det som kommer, eller noen makt, verken det som er i det høye eller i det dype, eller noen annen skapning, skal kunne skille oss fra Guds kjærlighet i Kristus Jesus, vår Herre (Romerbrevet 8, 38-39)

God påske!

Med hilsen *Solveig Fiske*
Hamar biskop



Med lovsang ny – Om Grundtvigs «Påskemorgen slukker sorgen»

1. Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;

2. Redningsmannen er oppstanden
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden
er oppstanden i morgengry!

3. Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i paradiset.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.

4. Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden om syndens sold.

5. Mørket greder, englekleder,
Englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
Englekleder de er som lyn.

6. Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.

Det fins mykje vi gjer som er så sjølvsagt at vi ikkje tenkjer over kva vi gjer, lenger. Vi har gjort det så mange gonger at vi ikkje veit kvifor vi gjer det akkurat slik. Har du nokon gong tenkt over kva du eigentleg seier når du sender ostefatet akkompagnert av eit «Vær så god!»? Ikkje det, nei.

På den eine sida er jo fint, ja beint fram naudsynt fint. Det ville til dømes vere ganske uheldig å bruke mykje tankekraft på å vurdere om og eventuelt kvifor ein skal bremse bilen om du ser ein fotgjengar rett framfor deg. Eller å måtte tenkje lenge på om det no var bremsen eller gassen som sit til høgre ned ved golvet. Men eg tør likevel påstå at av og til er det fint om vi kan stoppe opp og vurdere både kva vi gjer, og kva ord som triller over leppene våre.

Kanskje er det slik at det vi lærer når vi er små, får lov til å ligge og bade seg i det underbevisste, skjerma for kritisk sans. Eg har til dømes «alltid» kunna teksten på «Deg være ære» utanboks. På grunn av melodien hadde eg i mange år gaula og sunge om den evige død, i alle fall slik eg hadde oppfatta det – «e-e-vig skal døden være!». Og det er jo eigentleg litt trist. I alle fall på fyrste påskedag. Men automatiseringa gjorde at eg ikkje syntest det var så trist likevel. Eg tenkte strengt tatt ikkje over det, og melodien var jo fin, til og med skrive av sjølvaste Händel. Men omtrent då eg vart myndig, skjøna eg at eg til då hadde forstått «stykkevis og delt», men at eg då forsto fullt ut at dei to verselinjene melodien hadde forsøkt å skilje, eigentleg var eitt og bunde saman – døden var altså ikkje evig, men for evig underlagt Kristus. Takk og lov!

Ein annan tekst mange av oss har kunne heilt sidan vi var små, og som nærast er ein automatisert del av påskefeiringa, er «Påskemorgen slukker sorgen». Salmen vart skriven i 1843 og er ein av omlag 1500 salmar som er skrivne av den danske diktarpresten Nikolai Fredrik Severin Grundtvig (sa nokon automatisering?). Kva handlar no eigentleg denne salmen om? Om påske, sjølvsagt – men kva om påska? Her er det ingen kvinner som kjem til noka tom grav, men det er i staden noko prat om at «bøtt er brøden», om smilande støv og om oppadfarande skarer. Alt sammen framført i ein telegramaktig stil, på bokstavrim, der enkelte ord blir repeterte og utbasunerte. Eg trur denne salmen både er såpass automatisert og på mange måtar vanskeleg at han kan trenge ei forklaring, og enklare blir han ikkje av at den norske salmeboka har utelate tre av Grundtvig sine originale strofer.

Salmen er skriven med utgangspunkt i motsetningane livet og døden. Døden har herska i verda heilt sidan syndefallet, og han har drage med seg både helvete, mørke og sorg. Det er denne dødssorgen som no er overvunne fordi «redningsmannen» har stått opp frå dei døde. No er alt snudd på hovudet, no er det he-

levete som sit og gret, stakkar, medan alle dei himmelske vesena jublar og syng om det som skjedde på påskedagen. Englane syng lovsongar for Kristus, som har sona menneske si synd slik at han kunne møte menneska att i paradiset.

Så langt er dette kjent påskestoff. Kristus har overvunne døden, englane jublar, og Satan og heile hans hær har ein dårleg dag på jobben. Dette skjønner vi, og dette liker vi å høyre om. Men så byrjer moroa, ei klynge paradoksale ord som blir slengde mot oss, samla rundt vokalen «ø». «Bøtt er brøden, død er døden; død er døden som syndens sold.» Og så fortsett strofa: «Nå ligger graven midt i gudshaven.» Ein kunne kanskje tru at det her er snakk om Jesu grav, men faktisk er det slik at Grundtvig her skriv om alle menneske sine graver, og den hagen det er prat om, er paradishagen, Edens hage, som mennesket vart jaga ut frå etter syndefallet. Ved Jesu død og oppstode er alle gravene på kyrkjegarden plassert midt i paradishagen. I ei av dei strofene som ikkje er med i salmeboka, seier Grundtvig at det å vere død er som å ligge og sova i paradishagen, og ly og le ved livsens tre.

I nest siste strofe gret mørkret att, akkurat som i den andre strofa. Her er vi komne til den siste dagen, den dagen vi alle skal vekkjast opp frå gravene. «Støvet» er eit av Grundtvig sine favorittord når han pratar om mennesket. I møte med engelen på den yste dagen skal mennesket sørge over synda vår, samtidig som ho skal glede oss over den bodskapen vi får. Då skal vi følgje med Kristus til himmelen og møte han. Det er nemleg sentralt for Grundtvig at alle som er døypte, på sett og vis har gjennomgått Kristi død og oppstode allereie, og at det som skjer på den ytterste dagen, berre vil bli ein repetisjon av Kristi oppstode og himmelferd.

Salmen sluttar av med ei beskriving av den nye lovsongen. I dei tre fyrste strofene, og i to av dei utelatne, var det englane som sang den nye lovsongen, men på den ytterste dagen skal lovsongen lyde frå mennesket si tunge, den tunga som gløder med pinseelden sin loge. Den nye lovsongen oppstår når englane syng på Betlehemsmarkene ved julenatt, og i følgje Grundtvig så syng englane også for kvinnen ved grava på påskedagen. Englane kjem med ein ny lovsang som dei skal lære menneska. Denne sangen syng menneska fullt ut når dei har kome til himmelen, til Kristus på den siste dagen. Men heilt frå påske- og pinsedagen i år 33 har menneska fått ein forsmak på denne lovsongen, på gleda over at livet og lyset har vunne over døden og mørkret. Og også i år skal vi få syngje ut påskegleda i Slidredomen på fyrste påskedag. Kanskje og med eit litt nytt og avautomatisert blick på denne teksten?

Are Alund, Kantor

Vil du være pilegrim i Valdres 2015?

Pilegrimsvegen i Valdres har middelalderkirker som perler på en snor. Arbeidet med organisering og merking av Pilegrimsvegen startet i 2004. Vi har hatt prøvevandring, ni fellesvandring, fire gruppevandring og fem vandring med fengselsinnsatte.

Vegen går gjennom fire kommuner. Du får se seks nyere kirker, fem stavkirker, fire olavsminner, tre middelaldersteinkirker, to relikvieskrin og mange andre kulturminner. Vi går stier, skogs- og bygdeveger i vakre kulturlandskap og flott natur. Opplev Valdres i sakte tempo. Meld deg ut av hverdagen og bli med oss.

Et viktig pilegrimsmål i middelalderen var St. Tomas-kirken på Filefjell, dit vår veg går fra Hedalen stavkirke. Til St. Tomas-kirken med undergjørende kraft kom folk fra hele Sør-Norge med gaver for å få igjen helsen. Vinden fra vest blåste gjennom Valdres da sagnet om Sunniva på Selje kom over fjellet, da biskopen i Svithuns-kirken i Stavanger var vår biskop, og da Thomas av Canterbury ble skytshelgen på Filefjell. Keltisk åndstradisjon med helliggjøring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og levde videre her.

Organisert fellesvandring langs Pilegrimsvegen 31. juli – 8. august 2015

Fredag 31. juli: Frammøte på Nordre Lokalet, nær Hedalen stavkirke. Middag, presentasjon og orientering før overnatting.

Lørdag 1. august: Fra Hedalen stavkirke til Timannsbrua ved Hølera, ca. 21 km. Sti og skogsveg. Overnatting i gapahuk og telt.

Søndag 2. august: Til Reinli stavkirke ca. 17 km. Sti, skogsveg og bygdeveg. Overnatting Reinli skole.

Mandag 3. august: Fra Reinli, forbi Aurdal kirke i Nord-Aurdal og til Leira, ca. 25 km. Bygdeveg og jernbanetrase. Buss til Røn. Overnatting Furulund Pensjonat.

Tirsdag 4. august: Buss tilbake til Leira. Forbi Tingnes, gjennom Fagernes, til Ulnes steinkirke og frem til Røn i Vestre Slidre ca. 23 km. Gangveg, sti og bygdeveg. Overnatting Furulund Pensjonat.

Onsdag 5. august: Til Øyjar kapell og Mo kirkeruin, videre til Tingsteinen og til Maria-kirken eller Slidredomen, ca. 12 km. Bygdeveg og gangveg. Overnatting Slidre samfunnshus.

Torsdag 6. august: Fra Slidre til Lomen stavkirke, videre til Høre stavkirke i Vang og til Heensåsen kirke, ca. 25 km. Sti, skogsveg og bygdeveg. Overnatting Åsvang skole.

Fredag 7. august: Fra Heensåsen kirke til Øye stavkirke ca. 19 km. Bygdeveg. Overnatting Øye skole.

Lørdag 8. august: Fra Øye kirke over fjellet til St. Tomas-kirken, ca. 19 km. Sti og stølsveg. Avslutning. Returskysst til Fagernes.

Turleder Jahn Børe Jahnsen og pilegrimsprest Anne Hilde Øigarden. Turleder guider ved kulturminner og i kirker. Presten har enkle samlinger morgen og kveld og i kirkene. **Pris kr. 6.500** inkl. guiding, overnatting, god mat, bagasje-frakt og følgebil.

Arrangør: Pilegrimsfellesskapet St. Thomas i Valdres.
Maks 30 deltakere. Påmeldingsfrist 1. juni til:

Trond Øigarden
Prestgardsvegen 9, 2910 Aurdal
Tlf 950 77 558
Epost trondoi@online.no



LOMISRENNET

Sundagsskuleskirennet fann stad søndag 1. mars etter ei triveleg familiemesse i Lomen kyrkje. 11 ivrige deltakarar stilte til start. Vinterferie og noko dårleg vær får ta skulda for at det ikkje var fleire. Etter flott innsats i skiløypa vart det servert pølser, lomper og varm saft i våpenhuset. Det var utdeling av diplom og premie til alle deltakarane – alle var best i dag – og vi kosa oss med meir pølser, kaffe og gode kaker.



Sekretariatet



Tidtaking og «HEIA»-rop

TÅRNAGENT 2015

Tårnagenthelga er en begivenhet som både små og store gleder seg til. Den markeres over hele Norge og er for 8-åringer. Opplegget går ut på å løse oppgaver inne i kirka og utforske tårnet. Vi begynte lørdag med å lære navn. Alle tente et lys i lysgloben for en av de andre agentene. Så var det klart for andre oppdrag. Det var en labyrint i kirkebenkene der de møtte ulike oppgaver. Temaet for labyrinten var Bibelverset «Be så skal dere få, let så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere» Matt 7,7. For å komme inn i labyrinten måtte de banke på ei dør og huske et passord. En av postene i labyrinten var agentbevis med fingeravtrykk, en annen var å lete etter gullpenger i ei skoeske. Bibelverset sang vi og øvde godt på slik at vi kunne framføre det i gudstjenesten på søndag. Alle agenter som jobber hardt trenger mat. Tårnagentmaten var pølse, lompe og oppskåret frukt. Etter maten var det agentstrekk ute og fri utforskning av kirka. Etter pausa kom Den gode hyrden inn. Han lette etter lammet sitt. Alle agentene hjalp ham å lete og vi fant det til slutt. For å bli kjent med Slidredomen og alle symbolene gikk vi på symboljakt. Vi delte gruppa i fire grupper og hver gruppe fikk noen spørsmål. Ei gruppe skulle finne ut hva et vigselfors er og hvor mange

vigselfors vi finner i Slidredomen, ei gruppe skulle finne kommunevåpenet til Vestre Slidre, som er funnet på veggen. Ei anna gruppe skulle finne ut om orgelet og hvor mange svarte og hvor mange hvite tangenter som finnes på orgelet. Den siste gruppa skulle finne ut mer om altertavla og hvem det er bilde av der. Agentene var ivrige og synes det var spennende å finne ut mer om kirka og få lov til å utforske den på egenhånd. Så var det klart for helgas høydepunkt. Turen opp i kirketårnet. Kirketjener Safet var med ei og ei gruppe opp, noen synes det var litt skummelt og mørkt oppe der. Det var mye skrekkblandet fryd. Det siste oppdraget var Gudstjenesteoppgaver. Presten ledet dette og delte ut oppgaver til de som ville ha. Søndag formiddag møttes vi tidlig og øvde en siste gang før resten av menigheten kom. I gudstjenesten var vi med og tente lys, ledet samlingsbønn, bære fram bibel og kalken til nattverden. Vi sang Bibelverset og salmen «Herren er min hyrde». Som Tårnagentdusør fikk ungene en cd med tårnagentsanger og ei tårnagenthistorie. Vi takker små og store (foreldre som var englevakter på lørdag) for ei flott helg.

Siv Tone Drevsjømoen (Slidre sokneråd)



Caroline Groth, trusopplæringsarbeideren, lærer tårnagentane songar som dei sang under messa søndag



Ei av oppgåvene var å telja tangentane på orgelet



Her er agentbeviset mitt!



Hyrden Thomas (Trine) leitte etter ein sau, og ville ha tårnagentane med til å leite.




Skattejakt på kyrkjegarden



Tårnagentane var med kyrkjetenar Safet Vladovic opp i tårnet, fekk ringja med klokkene og sjå på utsikta gjennom tårnluke



BARNAS SIDE



Fargelegg

Dei glade kvinnene ved Jesus si tomme grav!

Teikningar: Kari Sortland

**Finn
5
feil**

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonner på barnebladet

BARNAS

16 blader + DVD eller bok = berre 365,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 199,- per barn



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00

Referat frå juletefest på Sjukeheimen 11.01.2015

Desse møtte på Sjukeheimen kl 14.00:

Gerd Vigdis Meling, Inger Karin Tuvmarken, Gunnar Breivik, Ola Einang og Sigrid Marie Bråten.

Alle hadde med seg eit fat med snittar.

Bord og stolar vart sett på plass. La på raude stoffbrikke (desse låg i overskåp på kjøkkenet) og telys og kvite serviettar. På serveringsbordet la mø på kvit duk. Ca 60 pakker vart pakka av Gunnar og Inger Karin, klementin, sjokolade, ballong m.m.

Borda vart dekkja med kopp, skål, asjett og engangsglass til 52 stk. Dette viste seg å vera ca 8 plassar for mykje. Brukte heile salen.

Vart ferdige med dette arbeidet kl 14.45, sat og drakk kaffe og prata til kl 15.30.

Kjøkkenet på Sjukeheimen skaffa raud saft som mø blanda og hadde i mugge, og dei trakta kaffe og hadde i kanner, mø gjekk rundt å slo i saft og kaffe.

Elisabeth Myhre ynskte velkommen og stod for leiinga av festen.

Kulturskula deltok med 2 elevar som spelte cello og 2 som song, lærar Bente Dølerud og Susanne Edelmann deltok og.

Leiv Hamre les frå Alf Prøysen.

Gang rundt juletreet, det var 2 ringar, song 5 sangar og så kom julenissen (Ola Einang)

Ein song til slutt.

Alt fungerte bra, ein vellykka og koseleg juletefest.

Rydding av bord, vask av dekketøy og mopping av golv m.m. pågjekk til ca kl 18,30.

Det vart passe med mat.

Sigrid Marie Bråten





Konfirmantar i Vestre Slidre 2015

Røn kyrkje 31.mai kl.10.30

Morten Eide
Torgrim Myrvang
Ivar Eivindsson Fosheim
Oda Viste
Torbjørn Qualben
Martine Skaran Tveit

Røn kyrkje 31.mai kl.12.00

Sigbjørn Ødegård
Anders Hagen
Oline Eide
Vemund Eide
Elin Volden Hamre

Slidredomen 7.juni kl.11.00

Elias Rying
Nils Petter Kolbjørnshus
Juliane Ivarsdotter Bergsbakken
Ylva Husby Steine
Maria Lill Garvik
Yr Enger
Julie Aurora Odden

Gravplass-forskrifter

Det har kome ein del spørsmål rundt gravplassforskriftene. Dei står i dette kyrkjebladet. Eg ber dykk leggja merke til §3. Feste av grav. Det er ein del festeavgifter for 2012, 2013 og 2014 som ikkje er betalt, og som er purra. Dei gravene vil våren 2015 bli sletta. Om du har spørsmål, ta kontakt med kyrkjevevja snarast.

§5. Dette gjeld steinar ein legg rundt plantefeltet. Desse gjer det vanskeleg for dei som slår graset på kyrkjegarden. Det står i forskriftane at ein kan leggja steinplate i flukt med plenen. Runde steinar er ikkje tillate.

Lysglober og bruk av desse

Dei fleste av oss har ein eller fleire personar vi tenkjer ekstra mykje på. Det er fint å tenne eit lys for desse personane som eit symbol for vår omtanke. Lysgloba står tett innafør inngangen til kyrkjerommet. Ho er godt synleg, og vi tenner lys i midtlyset.

Elisabeth Myhre
kyrkjevevja

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I VESTRE SLIDRE

Jfr. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) §21.

Vedteke i Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd 12.02.98. Godkjent av Hamar bispedømmeråd 13.03.98.

Justert av Kyrkjeleg fellestråd i Vestre Slidre 22.04.04. Justert av Kyrkjeleg fellestråd i Vestre Slidre 31.03.11 og 24.04.14
Endringar i følge lov og forskrifter.

§1 KYRKJEGARDSTILHØYRING

Avlidne personar i kommuna skal som hovudregel gravleggjast på den kyrkjegarden dei soknar til, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune.

Dei som bur utanom kommunen kan berre få gravplass etter særskilt løyve frå fellestrådet (soknerådet) og mot å betale den avgift som til ei kvar tid er fastsett.

§2 FREDNINGSTID OG FESTETID

Fredningstid for oskeurner er 20 år.

Fredningstid for kister er 20 år ved Lomen, Slidre og Røn. Ved Øyjar kapell 30 år.

Festetida er 5 år.

§3 FESTE AV GRAV

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellestråd for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for 5 nye år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellestråd.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast i brev. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellestråd avgjere spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

Når festaren døyr, må arvingane verte samde om kven som skal overta festeretten. Namn og adresse til den nye festaren skal kyrkjevevja ha melding om.

§4 GRAV OG GRAVMINNE

Betjeninga på gravplassen vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida kan ein setja opp eit merke med namn til den døde.

Kyrkjeleg fellestråd skal godkjenne gravminnet og fundament før det vert sett opp på gravplassen. Fellestrådet skal ha melding om kva tid ein ønsker å setja opp gravminnet. Det vert anvist plass for senter av gravminnet. Gravminne skal boltast etter forskriften §24.

Festar er ansvarleg for at gravminne ikkje er i forfall, til sjenanse eller fare for dei som ferdast på kyrkjegarden. Gravminne kan leggjast ned dersom det ikkje tilfredstiller krav som er sett, eller er ein tryggleiksrisiko.

Kyrkjeleg fellestråd er ikkje ansvarleg for skadar på graver eller gravutstyr med mindre skaden skyldas aktløyse av tilsette på gravplassen.

§5 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt.

Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgre enn gravminnet eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er heller ikkje høve til å ramme inn grava eller deler av ho med hekk eller dautt materiale (steinar), men det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinskant som fluktar med terrenget rundt.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Ved fornying av gravfeste kan kyrkjevevja krevja at plantefeltet skal endrast slik at det samsvarar med gjeldande kyrkjegardsvedtekter.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkjeverje
Eldbjørg Myrvang Wiknes	61345098 45202615	Kontorfullmektig Diakonimedarbeidar Klokkar Lomen sokn Klokkar Slidre sokn ved gravferd
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar Røn sokn. Røn og Øyjar
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel Ringjar i Slidre Reinhaldar i alle sokna
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar Lomen stavkyrkje

Kyrkjekontoret er opent måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

§6 PLANTETILFANG

Plantar, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal vere heilt komposterbart.

§7 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsåast av den ansvarlege eller av tilsette på gravplassen. Kyrkjeleg fellestråd kan syte for årleg planting og stell av grav mot betaling.

§8 GRAVLEGAT

Mot innbetaling av ein bestemt sum til eit gravlegat, vil kyrkjeleg fellestråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Gravlegatet vert forvalta av fellestrådet sin daglege leiar som legatstyrar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ei fastsett tid. Det skal i kvart einskild høve opprettast legatavtale.

Gravlegat kan ikkje opprettast slik at det varer lenger enn den fredningstida eller festetida som ligg framføre. Dersom det oppstår slike økonomiske forhold i legattida at midlane ikkje rekk til, skal legatstyraren gje melding om dette til den som er ansvarleg eller festaren. Det er høve til å auke legatet slik at det rekk tida ut.

Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er brukte opp. Dersom det er midlar att av legatet når tida er ute, kan

dei brukast av kyrkjeleg fellestråd til å gjere gravplassen vakrere. Gravlegata vert forvalta i fellesskap, men legatstyraren fører rekneskap for kvart legat som vert revidert årleg. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av legatmidlane.

§9 BÅREROM

Kyrkjeleg fellestråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på den døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§10 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemd på gravplassane skal ha løyve frå kyrkjeleg fellestråd. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkommande ikkje retter seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

Tilsette på gravplassen kan ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjere.

§11 RO OG ORDEN.

Freden på gravplassen må ikkje bli uroa av støy. Køyring på gravplassane må berre gå føre seg etter løyve frå kyrkjeverja.

Sykling er ikkje tillatt.

Hundar har ikkje tilgjenge til gravplassane.

MESSELISTE

og planlagte arrangement i kyrkjene i Vestre Slidre

Dato	Dag i kyrkjeåret	Kyrkje	Kl.	Teneste	
29.03.	Palmesøndag	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl Fasteaksjon
02.04.	Skjærtorsdag	Sekskanten, Vaset	12.00	Skjærtorsdags/påskemesse	Sokneprest Ola Døhl Eige arbeid i soknet
03.04.	Langfredag	Slidredomen	19.30	Langfredagsgudsteneste	Sokneprest Ola Døhl
04.04.	Påskennatt	Slidredomen	23.00	Påskennattmesse	Sokneprest Ola Døhl
05.04.	1.påskedag	Slidredomen	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl Frelsesarmeen
06.04.	2.påskedag	Vestre Slidre sjukeheim	11.00	Påskemesse (høgmesse)	Sokneprest Ola Døhl
19.04.	2.s.e.påske	Lomen	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl Trusopplæring
19.04.	2.s.e.påske	Røn kyrkje	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl
24.04	Fredag	Slidredomen	19.30	Impact. Ungdomsmesse	Sokneprest Ola Døhl. Konfirmantarbeid
01.05.	Fredag	Røn kyrkje	11.00	1.mai-messe	Sokneprest Ola Døhl Frelsesarmeen
03.05.	5.s.i påske-tida	Slidredomen	19.30	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
14.05.	Kristi himmelfart	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl Redd barna
17.05.	17.mai	Slidredomen	10.00	17.mai gudsteneste	Sokneprest Ola Døhl
17.05	17.mai	Røn kyrkje	11.30	17.mai-gudsteneste	Sokneprest Ola Døhl Røn musikk-lag/ V.S.skuleog ungdomskorps

KYRKJELEGE HANDLINGAR

01.12.2014 – 08.03.2015

Døypte	Røn sokn	25.01.15	Anine Thon
		25.01.15	Aslak Hippe Sælid (døypd i Ulnes kyrkje)
	Slidre sokn	08.03.15	Jon Komperud
Jordfesta	Røn sokn		
	Øyjar kapell	06.02.15	Ola Per Haugrud f. 1941
	Røn kyrkje	06.03.15	Kari Skattebo f. 1927
	Slidre sokn	18.12.14	Anne Garvik f. 1926
		28.12.14	Ivar Olav Rødningen f. 1955
08.02.15		Knut Olav Haugland f. 1957	

24.05	1.pinsedag	Slidredomen	11.00	Høgtidsmesse	Sokneprest Ola Døhl
25.05.	2.pinsedag	Vestre Slidre sjukeheim	11.00	Pinsemesse (høgtidsmesse)	Sokneprest Ola Døhl
31.05.	Treenings-søndag	Røn kyrkje	10.30	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl Konfirmantarbeidet
31.05.	Treenings-søndag	Røn kyrkje	12.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl Konfirmantarbeidet
07.06.	2.s.i tre-einingstida	Slidredomen	11.00	Konfirmasjon	Sokneprest Ola Døhl
14.06	3.s.i tre-einingstida	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl Konfirmantarbeid
19.06.	Fredag	Slidredomen	22.00	Lysmesse. Tween-camp	Sokneprest Ola Døhl
20.06.	Laurdag	Slidredomen	22.00	Lysmesse. Tween-camp	Sokneprest Ola Døhl
21.06.	4.s.i treeiningstida	Slidredomen Friluft	12.00	Tween-camp Fyrsteklasses Familiemesse	Sokneprest Ola Døhl
05.07.	5.s.i tre-einingstida	Øyjar kapell Stølsmesse?	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl
12.07.	6.s.i tre-einingstida	Lomen kyrkje Stølsmesse?	11.00	Høgmesse	
19.07.	7.s.i tre-einingstida	Mo kyrkjeruin	11.00	Friluftsmesse	
29.07.	Olsok	Lomen stavkyrkje	19.30	Olsokmesse	
02.08.	9.s.i tre-einingstida	Vaset	11.00	Stølsfestival-messe	
05.08.	Onsdag	Slidredomen	19.00	Pilgrimsmesse	
09.08.	10.s.i tre-einingstida	Lomen stavkyrkje	11.00	Høgmesse	
19.08.	11.s.i tre-einingstida	Kvitsyn	11.00	Høgmesse	
30.08.	12.s.i tre-einingstida	Slidredomen	11.00	Høgmesse Gullkonfirmantane er inviterte	

Det kan koma endringar: Sjå etter i «Kva skjer» i avisa Valdres.



Ei helsing om

god påske



til alle lesarane frå redaksjonen,
INGEBJØRG, TURID, TORIL OG ELISABETH

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss, Lomen Auto, Soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Godtfolks nåde, - og Guds

«Nåde» kan vera eit blytungt ord,
nådigt nikkar tyrannar. –
At bror skal krype på kne for bror,
er noko mot hjarta forbannar!

«Nåde» kan vera eit hyklarord,
brukt under sundags-hetta.
Med det kan eg benkjast ved bønemanns-bord
men ikkje få sjeli tvetta.

Nåde, du kjærleiks og Sannings ord
tone i englesongen,
du forløyser frå synd på jord,
i dag som den fyrste gongen.

Nåde, du heilage, skapande ord,
kom til kvar den som stundar!
Kom sant og varmt ifrå himmel-kor
og lat det livna i lundar!

DIKT AV PROST INGVAR ØDEGAARD

MALER

Gjermund Dalen AS

2960 Røn • Tlf. 99551860

Valdresfjella

Hus og Hyttebygg

v/ GJERMUND STORHAUG

2960 Røn • Tlf. 97023360